

Bokmeldingar

Emilia Aldrin, Gustafsson, Linnea, Löfdahl, Maria & Lena Wenner (red.): *Innovationer i namn och namnmönster. Handlingar från NORNA:s 43:e symposium i Halmstad den 6–8 november 2013*. NORNA-rapporter 92. NORNA-förlaget. Uppsala 2015. 338 sider. ISBN 978-91-7276-092-9

Temaet innovasjonar i namn og namnemønster blir belyst i 20 artiklar av 23 forfattarar som skriv om både personnamn, stadnamn og andre namn. Ni artiklar handlar om personnamn, seks om stadnamn, ein artikkel er ei innføring i litterær onomastikk, og ein annan presenterer teori frå kognitiv lingvistikk og viser korleis teorien kan utnyttast innanfor namnegransking. Tre artiklar handlar om andre namn (båtar, fly, selskapsdyr). Det geografiske området for namnetilfanget i artiklane er frå dei nordiske landa og Tyskland. Både historiske og samtidige språkforhold blir behandla, men dei fleste artiklane handlar om materiale frå notida. Nokre av artiklane har ei meir teoretisk og drøftande innretning. Dei fleste av artiklane er skrivne på svensk, fire er skrivne på bokmål, to på nynorsk, to på engelsk og berre éin er skriven på dansk.

Personnamnartiklane spenner om ulike tema. I artikkelen *Att skapa kön. Könsmönster och könsroller i nyskapade förnamn* undersøker Emilia Aldrin ut frå eit sosio-onomastisk perspektiv strategiar som blir brukte for å skape nye jente- og gutenamn i Sverige i eit materiale frå 2012. I tillegg blir teori frå genusforskning lagt til grunn. Ulike namnelagingsmåtar blir gjorde greie for, den vanlegaste namnelagingsmåten er små justeringar i høve til etablerte namn, Dei fleste nylaga namna er kjønnsmarkerte, berre få namn er utan ei konvensjonell kjønnsmarkering. Desse namna blir klassifiserte som kjønnsdiffuse,

kjønnskontrære og kjønnsnøytrale. Svært få av dei nyskapte namna er heilt kjønnsnøytrale. Namna som bryt kjønnsmonstret, uttrykker snarare fleire og motstridande kjønn og er derfor diffuse. Det er fleire gutar enn jenter som har fått namn utan kjønnsmarkering, og dette resultatet skil seg frå resultat i tidlegare forskning, som har funne at det helst er jentenamn som kan vere såkalla unisexnamn.

I artikkelen *Innovationer i den svenska almanackans namnlängd* gjer Eva Brylla greie for prinsipp som ligg til grunn for oppdatering av den svenske namnekalenderen, og vi får også ei jamføring med kalendrar i andre land. Det er fleire omsyn å ta for kva namn som skal stå i kalenderen. Både tradisjon og fornying ligg til grunn, og ein må også ta omsyn til at kalenderen skal vere til hjelp for å finne namn til barn. Kalenderen skal spegle namnebruken, men reine motenamn som ikkje har slått rot i namnetilfanget, kjem ikkje med. Nye namn kan likevel komme med om namnet har mange namneberarar i det svenske språksamfunnet. Døme på nye namn er Fatima og Kevin i kalenderen frå 2011. Plasseringa i kalenderen er gjort ut frå språkbakgrunnen til namna. Det arabiske namnet Fatima er plassert saman med Leila, som opphavleg er eit arabisk namn, og Leila fanst i kalenderen frå før av. Kevin er plassert saman med Roy, for begge namna har keltisk bakgrunn.

Märit Frändén gjer greie for innhaldet i eit forskingsprosjekt om etternamn blant innvandrarar i Sverige i *Gamla i världen men nya i Sverige. En projektbeskrivning av forskning om invandrade efternamn*. Prosjektet har fått namnet *Släktnamn i smältdegeln*, for målet med arbeidet er å undersøke korleis etternamn etter 1920 med fleire enn 100 namneberarar, blir påverka av bruken i det svenske samfunnet. I analysen vil opplysningar frå kvalitative intervju med personar som har kunnskap om etternamna, bli nytta. Intervjua skal handle om opphavleg uttale og skrivemåte av namna, og om korleis dei blir uttalte og skrivne i Sverige. Ein eventuell sosiolingvistisk variasjon i bruken av namna vil også bli undersøkt. Varierande sosio-onomastiske strategiar knytte til dei ulike språka som namna stammar frå, vil også bli undersøkte. Resultat frå forskingsprosjektet vil komme til å bli nyttig for framtidig namnerøkt i Sverige, for dei nye svenske etternamna har komme for å bli ein permanent del av det svenske etternamnstilfanget.

I *Om kontextens betydelse för förståelsen av smeknamn och öknamn* tar Linnea Gustafsson føre seg temaet *kallenamn* (svensk *binamn*), eit tema som er langt mindre undersøkt enn fornamn og etternamn. Ein grunn til at *kallenamn* er mindre undersøkt enn føre- og etternamn, er nok at materialet ikkje er lett tilgjengeleg. Gustafssons materiale har komme til veges ved å intervjuje folk, og det viser seg at kvar person opplyser å ha fleire *kjælenamn* (svensk *smeknamn*), dvs. namn som er positivt lada eller nøytrale. Negativt lada namn er *klengenamn* (svensk *öknamn*). I Gustafssons materiale finst berre *kjælenamn*, altså namn med positiv lading trass i at namn som *Geten*, *Gnaget*, *Sköldpaddan* og *TBC* ikkje utan vidare framstår som positive. Namna blir likevel klassifiserte som *kjælenamn* av di namneberaren oppfattar namna som positive. Namneberarane oppgjev at namna har komme til i ein samanheng som blir tolka som positiv, og derfor får namnet positiv ladning uavhengig den appellative tydinga til ordet i namnet. Ingen *klengenamn* inngår i materialet, truleg på grunn av at negativt lada namn til vanleg ikkje blir brukte i tiltalefunksjon. Eventuelle *klengenamn* som måtte vere i bruk i omtalefunksjon (referensiell funksjon), kjenner ikkje informantane til, for negativt lada navn vil normalt ikkje bli brukte mens namneberaren sjølv høyrer seg omtala. Analysen viser at konteksten som namnet blir til i, er avgjerande for grensedraginga mellom eit *kjælenamn* og eit *klengenamn*.

Minna Nakari er *På jakt efter innovationer i skogsfinnarnas tillnamnsbruk*. Norske lesarar må merke seg at eit svensk *tillnamn* og eit norsk *tilnamn* ikkje er det same. I norsk blir omgrepet *tilnamn* nytta om både *kallenamn* t.d. *Drillo* og *tilnamn*, dvs. eit tillegg til det gjevne namnet, t.d. Eirik *Blodøks*, mens termen *tillnamn* i svensk ikkje rommar det vi i norsk omtalar som eit *kallenamn*. Den svenske termen for *kallenamn* er *binamn*, sjå også termene som blir omtala i Linnea Gustafssons arbeid her. Nakari bruker også termen *namnfras* utan nærmare forklaring. Termen *namnefrase* blir nytta når ein og same person blir omtala på varierende måtar i ulike kjelder, og Nakari gjev døme på at ei og same skogfinske kvinne blir omtala som både *Kaisa Vilhuinen*, *Kajsa Henriksson*, *Raiskis Kajsa*, *Kaisa Hinriksson-Vilhuinen* og *Jussin Kaisa*. I tillegg finn ho slik namnevariasjon nytta om ein skogfinsk mann. Eit sosio-onomastisk innretta studium av namnevariasjon i ulike

kjelder vil kunne gje eit betre innblikk i personnamnbruken enn den som vanlege slektsstudium gjev.

Gudlaug Nedreliid har gått til verselæra for å finne ein term for «dobbeltnamn der fyrste namnet har ei staving og andrenamnet to stavingar og som for det meste blir uttalte med eitt hovudtrykk» (s. 179). Eit slik namn er eit *amfibrakkisk namn*, og i *Amfibrakkiske dobbeltnamn på 1900-talet* blir namn som *Jan Tore* og *Aud Kirsti* gått etter i saumane, dvs. 100 dobbeltnamn av dette slaget borne av slekt, venner, fagfellar og nasjonale kjendisar. Det viser seg at amfibrakkiske mannsnamn er langt vanlegare enn kvinnenamn. Begge namna blir til vanleg brukte, og dei blir uttalte med eitt hovudtrykk som bindestreksnamn. Namnetypen blei vanleg frå 1920-talet og nådde ein topp rundt 1945. Materialet er frå Statistisk sentralbyrås lister over dei 100 mest brukte manns- og kvinnenamna, og dei amfibrakkiske namna blir sorterte ut frå desse listene. Eksakte tal over førekomsten av amfibrakkiske namn er ikkje enkelt å komme fram til, men einstava namn er vanlegare som førsteamn i dobbeltnamn enn som einaste fornamn, og langt fleire menn enn kvinner har amfibrakkiske namn, 82 av dei 100 vanlegaste doble mannsnamna er amfibrakkiske mot seks av dei 100 vanlegaste doble kvinnenamna. Ein grunn til dette skeive mønsteret er nok at det finst langt fleire einstava mannsnamn jamført med kvinnenamn.

Damaris Nübling undersøker fonetisk kjønnsmarkering i tyske fornamn vs. kjælenamn i *The phonetic gender score of German first names and pet names. Gendered first names versus de-gendered pet names*. Det finst klare strukturelle skilnader mellom tyske kvinne- og mannsnamn, unisex namn finst så godt som ikkje. Kvinnenamn er kjenneteikna av å innehalde fleire stavingar enn mannsnamn, trykkplasseringa i kvinnenamn og mannsnamn skil seg ved at kvinnenamn har trykket plassert på ei staving som ikkje er den første i namnet. Kvinnenamn endar ofte på vokal, ofte *-a* og *-e*, mens mannsnamn oftare endar på ein konsonant. Kvinnenamn inneheld ofte fleire vokalar, mens mannsnamn oftare inneheld fleire konsonantar. Dei avdekte strukturane i kvinne- og mannsnamn blir jamførte med strukturane i kjælenamn. Her finn ein heilt motsette språklege mønster, og fleire av kjælenamna er like for manns- og kvinnenamn, t.d. både *Michael* og *Michaela* gjev *Michi* som kjælenamn, *Andreas* og *Andrea* blir *Andi*,

Christoph og *Christina* kan bli *Chris*. Kjønnsmerkerte fornamn av begge kjønn kan få kortformer som ender på *-i*, uansett kjønn. Også det som Nübling omtalar som «semantiske kjælenamn», er ikkje kjønnsmerkerte strukturelt sett, og fleire av dei endar på *-i*: t.d. *Schatz(i)*, *Schnucki*, *Mausi*. Nübling forklarar «unisexstrategien» for kjælenamna med at namna blir brukte i intimsfæren til folk, og her er det ikkje naudsynt å markere språkleg kva for kjønn kjælenamnet har, for det vil vere kjent for samtalepartnarane. I tillegg gjev ho ei sosiologisk forklaring som går ut på at i relasjonar mellom folk over tid, er ikkje kjønnskilnaden så viktig som det individuelle forholdet som utviklar seg mellom personane i eit parforhold.

Naming choices of transgender people in Germany av Miriam Schmidt Jüngst er det første arbeidet frå Tyskland som undersøker namneval hos transpersonar som har teke eit nytt namn. Undersøkinga er basert på spørjeskjema som har blitt sendt til forskjellige foreiningar for transpersonar, og svaret frå 80 personar (40 transkvinner, 40 transmenn) er blitt analysert. Sidan tyske fornamn er kjønnsmerkerte (jf. Nüblings artikkel), set Schmidt Jüngst opp ein skala som går frå +8 til -8 for språktrekk som kan klassifiserast som feminine vs. maskuline, men kvart enkelt trekk har ein maksimumsskåre på +3, -3. Namnevala til transkvinnene oppnår ein skåre på +3,8, som er høgare enn skåren for gjennomsnittet av dei 100 mest frekvente kvinnenamna i Tyskland, dvs. +2,9 på denne skalaen. Namna som dei mannlege transpersonane har valt, skårer om lag det same som dei 100 mest frekvente mannsnamna i populasjonen, dvs. -3,5 (for transmenn) vs. -3,7. Resultatet til transkvinnene blir karakterisert som ei onomastisk overdriving i bruken av feminine trekk, og valet av eit typisk feminint namn blir forstått som ein måte å understreke femininitet. Om lag halvparten av transmennene mot ein tredel av transkvinnene vel eit nytt namn som er ei kvinneleg/mannleg form av deira opphavlege namn. For dei øvrige er det ingen likskap mellom det første og det nye namnet. Ein del opplyser at dei har valt namnet som foreldra deira ville ha gjeve dei i utgangspunktet om dei hadde blitt fødd med motsett kjønn. Dei øvrige motiva for val av namn varierer mykje frå person til person.

Kristina Hermansson hentar materialet til sin namnestudie frå eit litterært verk: *Genom pseudonymerna. Namn och identitet i Ninni*

Holmqvists Något av bestående karaktär (1999). Den eine forteljar-røysta i Ninni Holmqvists roman bruker mange ulike namn om seg sjølv, og dei ulike namna, pseudonyma, er med på å skape eit bilete av forteljaren. Hermansson hevdar at namneskifta er med på å bygge opp romanen. Ho viser til teori om at personnamn er viktig for å identifisere eit menneske, og at namn kan koplast til sosiale og ideologiske forhold. Vidare kan namn vere med på å forme både den enkelte og samfunnet, og både kulturelle, sosiale og ideologiske forhold blir påverka av namn og namngjeving. Akkurat korleis denne teorien kan nyttast for tolke namnebruken, pseudonyma, til den eine forteljaren, blir ikkje avklåra utover at forteljaren er vanskeleg å forstå seg på. Kanskje er det nettopp fråveret av det rette namnet til forteljaren som gjer at personen framstår som ein utydeleg eller diffus person?

Benedicta Windt-Val gjev i *Rosens navn og teorien bak det* eit riss av fagfeltet litterær onomastikk i og utanfor Noreg. Artikkelen presenterer teori, spesielt av den franske litteraturteoretikaren Philippe Hamon, om korleis ein kan gå fram for å analysere namnematerialet i realistiske romanar. Windt-Val understreker at det er naudsynt å bruke litteraturteori for å kunne utvikle litterær onomastikk som forskingsdisiplin. Hittil har denne forskingsretninga, spesielt i Noreg, mykje gått ut på å vurdere om namnematerialet i eit litterært verk er i samsvar med den verkelege namnebruken i tidsepoken og i det geografiske området som handlinga er lagt til. Innføringa som Windt-Val gjev om analyse av onomastisk materiale i skjønnlitteratur, vil vere nyttig for andre som vil arbeide med problemstillingar innanfor litterær onomastikk. Innhaldet i artikkelen er basert på Windt-Vals doktoravhandling frå 2009 ved Universitetet i Oslo: «*Men han het Edvard ...*» *Navn og Navnebruk i Sigrid Undsets forfatterskap*.

Tidlegare forskingsresultat blir tekne opp til ny drøfting av Sofie Laurine Albris i *Navnedannelser på -lev og jernalderens samfundsstruktur. En diskussion om navnetypens forhold til yngre jernalders centralpladser*. Namneleddet *-lev* i Danmark og Sør-Sverige har vore tolka som ‘arv’, og sidan forleddet i slike namn inneheld personnamn og personnemningar, har det vore diskutert om eigedommen skulle tolkast som ‘etterlaten’ eller ‘overlaten’. Albris analyserer det språklege innhaldet av forledda, vurderer arkeologiske funn i områda til lev-

namna, plasseringa av lev-namna i høve til sentrale plassar/storgardar i yngre jernalder, drøftar godsstrukturar og eigedomsrett til jord i perioden og kjem fram til at lev-namna oppstår i det 4. århundret. Dei er eigedommar som blei gjevne, ikkje som arv, men som gåve frå «autonome, større gårdssiddere, som betalte tribut til den overordnede konge/stormand/leder i en art æresrelation mellom frie mænd» (s. 24). Eit viktig forhold for denne slutninga er at lev-namna ligg rundt tidlegare sentralplassar. Albris peiker på at vi må vere varsame med å kople dagens tyding ‘arv’ til *-lev*-namneleddet, men det er ikkje tvil om at namneleddet har bakgrunn i verbet *leifa* (islandsk, norrønt), svensk *lämna*, engelsk *leave*. Albris kjem fram til at ei rimeleg tolking er ‘etterlaten, overdragen eigedom/disponeringsrett’.

Med Krister Sk Vasshus si undersøking *Ikkje-teofore stadnamn som inneheld lund* flyttar vi perspektivet til Noreg, nærmare bestemt til Agder-fylka, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Vasshus nyttar den såkalla namnelandskaplege metoden for å undersøke om det kan finnast sakrale lund-namn blant ikkje-teofore lund-namn. Eit teofort namn inneheld ord som *heilagr, guð, vé*. Artikkelen er ei revidering og vidareføring av masteravhandlinga til Vasshus (2011) i nordisk språk og litteratur: *Vestnorske offerhundar. Spor etter norrøn kultpraksis i versnorske [sic] stadnamn*. Vasshus finn at 16 av 75 namn kan vere sakrale, dvs. 21,3 % av materialet, og dette er mindre enn det ein har funne i Sverige, men meir enn i Danmark. Vasshus peiker på at det ville ha vore interessant om det kunne bli gjort arkeologiske undersøkingar av lund-lokalitetar i Noreg slik at ev. arkeologiske funn kunne sjåast i samanheng med resultat frå onomastiske undersøkingar. Artikkelen til Vasshus inneheld svært mange språklege blemmer som burde ha vore luka ut før arbeidet blei trykt.

Nye bustadnamn er det blitt forska lite på, og i *Tradisjon og fornyelse i yngre bebyggelsesnavn* undersøker Berit Sandnes bustadnamn i Villands herad i nordaustre Skåne, hovudsakleg frå perioden 1850–1950. Frå 1908 blei det eit krav at nye bustader skulle ha namn og nummer i eit jordregister. Materialet er frå *Skånsk ortnamnsdatabas*. Namnelaging, namnelagingsmønster, namneelement og namngjevingsmotiv blir undersøkte, og funna blir jamførte med skånske namn generelt, men også med namn frå nabo område. Det mest karakteris-

tiske med namngjevinga er at tradisjonelle mønster blir førte vidare, t.d. namngjeving etter eigaren eller omgjevningane, og namngjevarane hentar ordtilfang både frå leksikonet og frå onomastikonet. Ein del av dei nedarva namna har berre eksistert i munnleg språkbruk inntil dei blei skriftfesta som bustadnamn, og med skriftfestinga oppstår visse endringar, t.d. tillegg av eit etterledd til namn som tidlegare berre utgjorde eit personnamn, t.d. *Niklasa* > *Niklasberg*. Nye innslag i namngjevinga er at kvinnenamn blir vanlege som forledd i mange bustadnamn, t.d. *Annetorp*, *Annehem* og *Marieholm*, men mønstret med eit personnamn som forledd var sjølvstykkt kjent frå før, men då med eit mannsnamn. Av nye etterledd er abstrakte ord som *-ro*, *-minne*, men også ord for bustad som *-hem* og *-bo*.

Vidar Haslum hentar materialet til *Den bestemte artikkelen i stedsnavn. En midtskandinavisk innovasjon* frå heile det nordiske området, dvs. området der dei nordiske språka er utbreidde. Utgangspunktet for arbeidet er Haslums (2003) doktoravhandling *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*. Det er eit grammatisk fenomen som blir undersøkt: framveksten av stadnamn i bunden form i dei nordiske språka. Ei dokumentsamling datert 1273 er det eldste dokumentet som gjev sikre belegg på bruk av norske og svenske stadnamn i bunden form i det midtskandinaviske området. I den same kjelda er alle stadnamn frå Malangen og sørøst, skrivne i ubunden form. I dei sør-vestnorske kjeldene begynner bestemte namneformer å vise seg frå ca. 1400, og endå seinare lenger sør i det skandinaviske området. Overgangen skjer gradvis, men dei viktigaste omleggingane må ha skjedd før 1600, men også seinare – alt etter kva for område det er snakk om. Haslum peiker på at framveksten av stadnamn i bestemt form er ein av mange språklege innovasjonar med utgangspunkt i det trøndiske området, nærmare bestemt Trondheim. Haslum deler det nordiske språkområdet inn i fire delar etter kor gjennomført bruken av bunden form er i stadnamn. Intensitetsområdet, sone 1, der innovasjonen starta, er området rundt Trondheim med Sør-Trøndelag og Nordmøre, og her har ein *radikal artikkelutvikling*, dvs. at bruken av bestemt form er så omfattande at også gamle bustadnamn har fått overgang til bunden form. I sone 2 finn ein *alminneleg artikkelvang*, dvs. at alle vanlege terrengnamn har bunden form, men

gamle bustadnamn har ofte bevart ubunden form. Dette området finn ein både nordanfor og sørnfor intensitetsområdet, både i Noreg og i Sverige. I sone 3 finn ein *artikkelvariasjon*, bunden form er mindre gjennomført, og mange gamle samansette terrengnamn har framleis ubunden form. Sone 3 er i den søre delen av Noreg på tvers av langfjella og i heile Sør-Sverige og delar av midtre Sverige. Denne grensa dannar ein isogloss saman med fleire andre språktrekk. Sone 4, Danmark, har mindre gjennomført bruk av bunden form. På Island er bruken av bunden form så godt som fråverande, men på Færøyane er bunden form litt meir brukt. Haslum peiker på at det er vanskeleg å kartlegge den faktiske bruken av bunden form i munnleg språkbruk, for namnerøktarar har hatt for vane å luke ut bunden form av stadnamn i offisiell språkbruk. Både i Danmark og på Færøyane er truleg den munnlege bruken av bunden form i stadnamn meir omfattande enn det som er allment kjent, og Haslum meiner at her skjer ein overgang til meir bruk av bunden form, slik at situasjonen no kan vere parallell til det som må ha skjedd i norsk og svensk på 13–1400-talet.

Annette C. Torensjö, sjef for stadnamnseksjonen i Lantmäteriet i Sverige då symposiet i Halmstad gjekk føre seg, skriv om *Ortnamnsinsamling igår och idag. Ny teknik, nya metoder?* Lantmäteriet har frå gammalt av samla inn og presentert stadnamn til offentleg bruk i Sverige. I dagens digitale samfunn der ein kan vise fram kart på datamaskinar og på mobiltelefonar, spør brukarane etter fleire stadnamn enn dei som finst i Lantmäteriets databasar. Ressursar til innsamling av store mengder nye stadnamn er ikkje tilgjengelege, så forskjellige innsamlingsteknikkar blir vurderte. I eit prøveprosjekt med ein mobil-app blei det ved såkalla *crowd-sourcing* (norsk 'nettdugnad') samla inn om lag 200 nye stadnamn av eit trettitals personar i Gävle-området. Innsamlinga var vellykka, men teknikken vil likevel ikkje bli nytta vidare pga. at det innsamla materialet må kvalitetssikrast av lokalkjende personar, og Lantmäteriet har ikkje lokalkunnskap over heile landet. Lantmäteriet må likevel arbeide for å samle inn kartdata som dagens brukarar ønsker, t.d. namn på bygningar i urbane miljø. Eit påtenkt tiltak er å lage ein innsamlingsfunksjon på nettsida *Kartsök och ortnamn*, men ein sjekk av nettstaden tyder ikkje på at den omtala tenesta er etablert enno.

Namn på sällskapsdjur. Nya mönster och strukturer er temaet som Katharina Leibring tar føre seg, dvs. namn på hundar og katter, dei vanlegaste av kjæledyra våre. Hundenamna er frå Centrala hundregistret 2012–2013. Kattenammaterialet er frå nettsidene til forsikrings-selskapet Agria frå åra 2001 og 2011. Det mest populære hohundnamnet er *Molly*, og alle dei 20 mest populære hohundnamna, bortsett frå *Lady*, er samanfallande med kvinnenamn. *Ludde* er på førsteplass blant hanhundnamna, og nokre av dei 20 vanlegaste hanhundnamna er samanfallande med mannsnamn. *Smulan* og *Sixten* er dei mest populære kattenamna, respektivt for ho- og hankatter. Fleire av kvinnenamna brukte om hokatter blir også nytta om hohundar og omvend. Hankatter og hanhundar har færre felles namn. *Findus*, *Måns*, *Sotis* og *Tusse* er berre nytta om hankatter, mens hundenamn som *Buster*, *Caesar*, *Lukas* og *Rex* ikkje finst blant dei 50 vanlegaste kattenamna. Ein del hundenamn blir gjevne til både han- og hohundar, og desse namna må derfor reknast som kjønnsnøytrale, t.d. *Chilli*, *Pepsi*, *Milou*, *Lucky*, *Kim*, *Tintin* o.fl. Morfologisk sett er dei fleste namna tostava, eit mønster som finst frå gammalt av, truleg av di tostava namn er lette å uttale, ikkje minst når ein skal rope på dyret. Ei overvekt av namn på hodyr endar på *-a*, *-an*, mens handyrnamn ofte endar på *-e*, *-en*. Namn på *-i* og *-y* kan nyttast om begge kjønn. Leibring går ikkje så nøye inn på bakgrunnen for namngjevinga, men ein del namn er av typen oppkalling etter kjende personar eller figurar frå populærkultur eller litteratur. Sidan mange av kjæledyrnamna er samanfallande med populære personnamn, vil topplistene for namn på småjenter også vere å finne blant dei mest brukte hodyrnamna. Dette mønstret er ikkje like tydeleg for gutenamn i funksjon som dyrenamn. Derimot finn Leibring at umoderne mannsnamn, fornamn som var populære på 1920- og -30-talet, er i bruk som hanhundnamn. Om tregenerasjonssyklusen for bruk av namn slår til, kan desse upopulære namna, som no er nytta som hundenamn, kunne komme til å bli tekne i bruk att som gutenamn. Ein del av dei mest populære hundenamna, spesielt hanhundnamn, har i det siste tiåret også blitt gjeve til smågutar, t.d. *Dexter*, *Diesel*, *Ozzy* og *Texas*(!)

Ole-Jørgen Johannessen presenterer nyorienteringar i namn på båtar, oljefelt og fly i *Innovasjon i navnemønstre til sjøs og i luften*.

Norske militære fartøy gjekk på 2000-talet over frå å ha norske stadnamn og norrøne gudenamn til å få namn etter norske polar- og sjøfararar. Johannessen viser ei rekke døme på korleis regionale rutebåtselskap har endra namngjevinga av rutebåtar. Motivet for val av namn kan vere namn som fokuserer på at fartøyet går snøgt, t.d. *Ekspress*, *Rapp*, eller ei kopling til både fart og det norrøne med hydrofoillbåt-namn som *Vingtor*, *Sleipner* og *Tyrving*. Det å ta seg lett fram kan nok også ligge til grunn av fuglenemne som båtnamn. Fjellnamn som båtnamn forankrar båten til eit geografisk område, og det gjer jo også andre stadnamn nytta som båtnamn. Eit nytt trekk i namngjeving av fartøy innførte *Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane* på tidleg 1970-tal då dei tok i bruk forleddet *Fjord-* med etterledd som *-prins*, *-glytt*, *-troll*. Seinare har t.d. reiarlaget *Tide Sjø AS* følgd den same strategien med å nytte eit fast forledd, *Tide-*, saman med ulike etterledd: *-bris*, *-cruise*, *-ekspress*, *-fjord*, *-kongen*, *-dronningen* o.fl. Norske oljefelt og -installasjonar har tradisjonelt hatt namn frå norrøn mytologi, norsk litteratur og historie, men i 2011 innførte ein ny olje- og energiminister eit brot med denne tradisjonen. No skulle oljenæringa namngjevast etter norske politikarar og andre offentlege personar – namn som skulle ha ein nasjonsbyggande effekt. Samstundes blei retten til å fastsette namn overført frå Oljedirektoratet til Olje- og energidepartementet. Etter dette har vi fått omdøypingar som *Aldous/Avaldsnes* > *Johan Sverdrup-feltet*, *Skrugard/Havis* > *Johan Castberg*. Til liks med båtar får også fly namn, og Johannessen ser på kva for namn flyselskap som opererer i Noreg, har nytta. SAS brukte mannsnamn + etterleddet *Viking* på sine fly heilt fram til 1979 då to kvinnenamn, *Ylva Viking* og *Turid Viking* kom i bruk. Men først i 1989 og frametter fekk fleire SAS-fly kvinnenamn. Braathen SAFE var sein med å ta i bruk kvinnenamn som flynamn. Det første namnet, *Ingeborg Eriksdatter*, kom i 1998. Norwegian, somstarta verksemda i 2002, har heile tida nytta kvinnenamn på fly, men dei fleste Norwegian-flya har likevel mannsnamn.

Også Anita Schybergson er oppteken av namn på båtar i innlegget *Kognitiva mönster i namn på segelbåtar i Finland. Tradition och innovation*. Schybergson jamfører eit materiale med namn på seglbåtar frå perioden 2007–2013 med eit materiale frå 1850–1920. Namna blir

klassifiserte med termar henta frå kognitiv lingvistikk: prototype, semantiske domene, tydingsskjema, metaforar og metonym. Schybergson finn stort samsvar i namngjevinga i dei to periodane. Kvinnenamn som båtnamn utgjer den største gruppa, ord frå tydingsfeltet 'sjø, hav, vind' finst i begge periodar, t.d. *Bölja*, *Storm*. Namn på fuglar, vassdyr, himmellekamar, som *Svalan*, *Delfin*, *Sirius* er metaforiske namn, og dei er vanlege i begge periodar. Namn som er vanskelege å tolke, finst i begge periodar. Dei inneheld ikkje ord med eit kjent innhald. Schybergson kallar desse namna for originale namn, t.d. *Emmanada* og *Malinero*. Denne typen namn har det blitt fleire av i den siste perioden.

Paula Sjöbloms symposieinnlegg er av teoretisk karakter: *Kognitionsteori som grund för nya perspektiv på namns semantik*. Sjöblom viser at kognisjonsteori er nyttig for å kunne analysere den semantiske sida av stadnamn. Kognisjonsteori understrekar tydnings sida til språket, og teorien er derfor kjærkommen for namnegranskinga, for han gjev eit grunnlag for å undersøke tydinga til stadnamn utover den tradisjonelle etymologiske analysen. Sjöblom held fram at omgrepet *mentalt leksikon* (etter psykolingvisten Willem Levelt) har vist seg nyttig for å forstå forholdet mellom leksikon og onomastikon, og at Staffan Nyström, som den første av namnegranskarar, har argumentert for at det er eit gjensidig forhold mellom ord og namn i språket, og at begge er med på å forme vårt mentale leksikon. Sjöblom argumenterer for at ei kognitiv tilnærming til namn gjev høve til å studere namnesemantikk frå eit synkront perspektiv, og gjev døme frå sitt eige studium av firmanamn, og at den kognitive semantikken kan nyttast til å studere ulike typar av namn, t.d. båtnamn, jf. Anita Schybergsons undersøking i denne symposierapporten.

Også innlegget *Lexicon, onomastikon och flerspråkighet* av Maria Löfdahl, Sofia Tingsell og Lena Wenner studerer tilhøvet mellom leksikon og onomastikon, og dette blir kopla til problematikk knytt til fleirspråklegheit. Undersøkinga har tre delstudiar: 1) *Innlæringsstudien* der vaksne som held på å lære seg svensk, blir intervjuet om stadnamn i nærmiljøet. 2) *Barnestudien* der barn i tiårsalderen, mange med eit anna førstespråk enn svensk, blir bedne om å fortelje om plassar i nærmiljøet der dei bruker å leike, og kva dei kallar desse plassane. 3) *Reisandermanistudien* som er intervju med folk som taler romani, og dei blir in-

tervjua om person- og stadnamnbruk på svensk og romani. Målet med innlæringsstudien var å undersøke rolla til namn i innlæring av svensk språk og om det finst skilnader mellom innlæring av ord og namn. Det viste seg at innlæring av namn og leksikon blei gjort på liknande vis, og at varierende strategiar via eigen språkbakgrunn blei nytta for å tileigne seg namn på det nye språket. Barnestudien gav som resultat at både einspråklege og fleirspråklege barn lagar namn på litt ulike måtar, men at namna til dei einspråklege er meir morfologisk komplekse jamførde med namna til dei fleirspråklege barna, som på si side lagar beskrivande namn som er mindre semantisk komplekse jamførde med namna til dei einspråklege barna. I reisanderomanigruppa blir stader oftast omtala på svensk, men trass i at alle kan snakke svensk, blir det laga ein del nye namn på romani. Nylaginga av romaninamn blir tolka som ei identitetshandling, ein strategi som er «ett eksempel på platsskapinge genom namngivning där närvaro markeras genom ett romskt namn» (s. 160). Alle informantgruppene gjev til ein viss grad uttrykk for eit behov for å erobre nærrområda ved hjelp av språket. På den måten gjer dei stadene til sine egne; dette gjeld først og fremst for barne- og romanigruppa. Å omtale stader er altså viktig for å skape ei forankring mellom menneska og stadene rundt dei.

Symposier rapporten blir avrunda med Staffan Nyströms *Innovationer i namn och namnforskning. En framåtblickande paneldiskussion*. Nyström stiller relevante spørsmål om kva vi meiner med «innovasjonar i namn og namneforskning», og han peiker på svaralternativ. På den eine sida kan vi ha innovasjonar i namn/namnemønster som kan studerast synkront eller diakront, ev. ut frå begge perspektiv, og på den andre sida kan innovasjonen gjelde forhold innanfor namneforskninga, enten i form av at ein får tilgang til eit materiale på ein måte som ein før ikkje har hatt tilgang til, at ein finn nye metodar for granskinga, eller at vi stiller nye spørsmål til forskingsobjektet ut frå at vi har fått nye teoriar å arbeide ut frå.

Når ein har lese gjennom symposier rapporten, legg ein merke til at sjølve omgrepet «innovasjon» ikkje blir problematisert i innlegga, men alle går ut frå at omgrepet er sjølvforklarande. Eit blick i Nynorskordboka, og vi får vite at ordet kjem frå latin *innovare*. Dette verbet finst også i norsk med tydinga ‘innføre noko nytt, fornye’. Når noko nytt

kjem inn, betyr det at noko anna blir borte, eller kjem det nye inn i tillegg til det som er frå før? Språkforskaren Henning Andersen (1989) problematiserer omgrepet innovasjon i språk og seier at han nyttar omgrepet «to refer to any element of usage (or grammar) which differs from previous usage (or grammars)» (s. 13). Han argumenterer for at innovasjon og endring er to ulike forhold. Vidare problematiserer han språklege innovasjonar og hevdar at dei er av ulike slag. Det er ikkje mitt ærend å gjere nærmare greie for måten Andersen eller andre problematiserer og definerer fenomenet «innovasjon»; kommentaren skal berre fungere som ein illustrasjon på at termen som ligg til grunn for symposiet, burde ha vore drøfta og gjort betre greie for i symposieinnlegga. Dei avsluttande kommentarane til Nyström er nyttige påminningar og derfor på sin plass.

Symposierapporten avspeglar nok at dei fleste som driv med onomastisk forskning i Norden, finn vi i Sverige. Sidan det er fleire innlegg som handlar om personnamn enn stadnamn, er det ein indikasjon på at det tradisjonelle biletet av at dei fleste namnegranskarane er opptekne av stadnamnforskning, ikkje gjeld lenger. Fleire av innlegga viser at teori og metodar frå ulike fagfelt kan nyttast til å analysere ulike typar av onomastisk materiale på nye måtar, og slik nyorientering må reknast som innovativt innafor onomastikken. Teori frå kognitiv lingvistikk viser seg høveleg for å analysere den semantiske sida av namn på nye måtar. Litterær onomastikk som blir godt introdusert av Benedicta Windt-Val, er eit nytt forskingsfelt i Norden. Dei tyske namneforskarane visar at språkleg analyse av namn i kombinasjon med kvantitative og kvalitative analysemetodar får fram nye resultat innanfor personnamngranskinga. Alt i alt viser symposierapporten at nordiske namnegranskarar er opptekne av mange ulike problemstillingar knytte til både gammalt og nytt onomastisk materiale, og mange ulike teoriar og metodiske grep blir nytta for å få fram ny innsikt om namn.

Referert litteratur:

Andersen, Henning 1989: Understanding linguistic innovations. Breivik, Leiv Egil - Ernst Håkon Jahr (eds.): *Language Change. Contributions to the Study of Its Causes*. Berlin, New York. 5–28.

Aud-Kirsti Pedersen